

Kva med turistskip i Storsund i sommar ?

10.05.2017



Fred Olsen sine turistskip vil truleg gå Storsund i sommar også.

Det er meldt inn 78 cruiseskip til Eidfjord og Ulvik i sommar. Det er rekord. Berre eitt av desse skipa vil gå innom Rosendal. Det er det tyske AMADEA på vel 28000 Brt. tysdag 25. juli. Andre skip, som ikkje står på lista til Eidfjord, har truleg lagt inn Rosendal som destinasjon.

Fred Olsen sin BRAEMAR var i Eidfjord alt laurdag 14. april. Seinare kan vi venta BLACK WATCH og BALMORAL med fleire anløp på Ulvik og Eidfjord. Alle desse tre skipa vil, dersom veret er fint, truleg gå Storsund på turen ut fjorden på kvelden. Det største av desse er BALMORAL på vel 43000 Brt.

Det største turistskipet på Hardangerfjorden i sommar er KØNINGSDAM på nett i underkant av 100000 Brt. VI vil neppe sjå KØNINGSDAM på seglas gjennom Storsund. Eit anna skip, som vart kjend i saka ved ordførar Trude Drevland (Bergen) sin avgang, VIKING STAR, har fleire turar på Hardanger denne sesongen. Viking Cruises v/ Torstein Hagen eig skipet.

Tekst/nett Kristian Bringedal
Foto: Hans Ordin Østebø